



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

LAUGALAND KRAFT AS
Laugaland
4130 HJELMELAND

Vår dato: 24.01.2025

Vår ref.: 202304197-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE avslår søknad om Undestøl kraftverk i Hjelmeland kommune, Rogaland

Vi viser til søknad av 27.2.2023 om løyve til å bygge Undestøl kraftverk med tilhørende regulering av Undestølsvatnet.

NVE avslår søknad om Undestøl kraftverk

NVE vedtar at søknad om løyve til å bygge Undestøl kraftverk i Hjelmeland kommune får avslag utan ytterlegare saksbehandling. Undestøl kraftverk er planlagt i Undestølsåna, som er del av det verna vassdraget Vormo.

Vedtaket har heimel i vassressurslova §§ 34 og 35 nr. 5 og 8, og 24, 2. ledd, bokstav c).

Kvifor kan vi ikkje gje løyve?

Det er planlagt å regulere Undestølsvatnet med éin meter. I tillegg er kraftverket planlagt med ei slukeevne på 84 % av middelvassføringa. Søkar oppgir at dette saman med reguleringa vil føre til at om lag 54 % av tilsiget til inntaket vil bli nytta til produksjon av energi. Dette vil påverke vassføringa i vassdraget så sterkt at det er i strid med føremålet ved vernet og dei spesifikke verdiane knytt til vern av Vormo.

Kva går planane om Undestøl kraftverk ut på?

Det er planlagt å bygge eit kraftverk i Undestølsåna. Inntaket er planlagt på kote 490 og kraftstasjonen på kote 256. Røygata skal gravast ned på vestsida av elva. Kraftverket er planlagt med ei største slukeevne på 550 l/s, noko som utgjør 84 % av middelvassføringa i vassdraget. Saman med ein installert effekt på 0,99 MW vil dette gi ein årleg produksjon på 6,4 GWh.

Det er også planlagt å regulere Undestølsvatnet mellom kote 557,6 og kote 558,6. Dette skal gjerast ved å etablere ein betongterskel i utløpet av vatnet. Det er planlagt slepp av minstevassføring frå både dam og inntak.

Det er oppgitt i søknaden at Undestøl kraftverk vil nytte seg av om lag 54 % av årleg tilsig til inntaket.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Korleis vurderer NVE planane?

NVE sine konkrete vurderingar bygger på informasjon gitt i søknaden, fagrapporten for biologisk mangfald og andre tilgjengelege kjelder. NVE meiner at denne informasjonen er tilstrekkeleg til å gjere vedtak i saka.

Utbygging må ikkje komme i konflikt med verneverdiane

Undestølsvatnet og Undestølsåna er ein del av det verna vassdraget Vormo som blei verna gjennom Verneplan II i 1980 (St. Prp. nr. 77 1979-80). Det overordna målet med vassdragsvernet er å ta vare på eit utsnitt av norsk vassdragsnatur. For Vormo spesielt er det trekt fram at vassdraget ligg igjen som eit restfelt i eit elles tungt utbygd område.

I supplering av verneplan for vassdrag, vedtatt av Stortinget i 2005, blei det opna for utbygging av mikro- og minikraftverk på inntil 1 MW i verna vassdrag. Det er sett som ein klar føresetnad at utbygginga ikkje kjem i konflikt med verneverdiane.

Undestøl kraftverk er planlagt med installert effekt på 0,99 MW og oppfyller kriteriet for å søke konsesjon i verna vassdrag. Normalt er det kommunen som er vassdragsmyndigheit for søknadar om konsesjon for kraftverk under 1 MW, jf. vassressurslova § 64. I forskrift om kommunen si myndigheit i mindre vasskraftsaker, § 1, er verna vassdrag eit av unntaka frå denne myndigheita. NVE er dermed vassdragsmyndigheit og fattar vedtak i saka.

NVE kan i medhald av vassressurslova § 24, 2. ledd, bokstav c) unnlate å sende ein søknad på høyring viss det er klart at søknaden vil bli avslått.

På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak og forarbeid meiner NVE at nye kraftverk i verna vassdrag som hovudregel ikkje skal byggast der ei utbygging vil svekke verneverdiane. Det må likevel gjerast ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, der det blir lagt vesentleg vekt på verneverdiane. For verna vassdrag er vektlegging av endringar i vassføringsregimet og naturinngrep viktige moment i grunnlaget for å vurdere verknadane som eit tiltak vil ha på verneverdiane.

Prinsippet om naturleg vassføring i verna vassdrag

I verna vassdrag er det eit prinsipp at det skal vere igjen ein romsleg og naturleg variasjon i vassdraget også etter utbygging, slik at vassdraget ikkje framstår som regulert. Dette prinsippet er stadfesta av Energidepartementet (ED) gjennom fleire vedtak, blant anna i klageavgjersler i sakene om Hegelstad kraftverk¹, Malmei kraftverk² og Kilåi kraftverk³. Der blir det framheva at det sjeldan blir gitt konsesjon til eit høgare maksimalt vassuttak enn ca. 50 % av middelvassføringa, av omsyn til naturmiljøet og naturlege variasjonar i vassføringa gjennom året.

Ei utbygging av Undestøl kraftverk med eit største vassuttak tilsvarande 84 % av middelvassføringa, og ei tilhøyrande regulering av Undestølsvatnet på ein meter fører

¹ NVE200700984-5 13.6.2008

² NVE200700012-32 18.12.2013

³ NVE200700795-35 7.11.2013



ifølgje søknaden til at kraftverket vil nytte om lag 54 % av tilsiget til inntaket. Etter NVE si vurdering vil dette ta i frå vassdraget den naturlege vassdragsdynamikken, og dermed ikkje vere i tråd med føresetnadane for utbygging i verna vassdrag. Dette åleine er avgjerande for avslag om konsesjon.

Det er ikkje søkt om andre alternativ

I søknadsmalen spør vi om det er vurdert alternative utbyggingsløyser. I søknaden står det: «*Det er ikkje planlagt alternative utbyggingsløyser.*»

NVE sin konklusjon

Av omsyn til verneverdiane i utbyggingsområdet vedtar NVE at vi må avslå søknad om konsesjon for bygging av Undestøl kraftverk i Hjelmeland kommune utan ytterlegare saksbehandling. Planane er i strid med verdiane som ligg til grunn for vern av vassdraget. Vi har ikkje vurdert fordelane ved tiltaket og konsekvensar for andre allmenne interesser.

Når verneverdiane talar imot vert søknaden avslått utan at det blir gjort ei fordel-ulempevurdering med heimel i vassressurslova § 25. Vi har difor ikkje vurdert ulempene i form av konsekvensane for andre allmenne interesser i vassdraget, opp mot fordelane ved tiltaket, som for eksempel kraftproduksjon.

Klagerett

Sjå eige vedlegg med orientering om klagerett.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar

Mottakarliste:

LAUGALAND KRAFT AS

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
HJELMELAND KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.